

Fiskeridirektoratet  
[postmottak@fiskeridir.no](mailto:postmottak@fiskeridir.no)

**SAK 19/24**  
**REGULERING AV FISKET ETTER NVG**  
**INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING**

I det store og heile ønsker Pelagisk Forening at gjeldande regulering blir vidareført.

**Haustingsforskrifta § 59 «Sildestreken»**

I 2023 skapte forbodsregelen i haustingsforskrifta § 59 problem. Regelen er gamal, og omsynet bak er å unngå fiske på undermåls sild. Pelagisk Forening meiner at endra utbreiing og vandringsmønster har gjort regelen mindre relevant. Pelagisk Forening meiner at regelen bør opphevast. Subsidiært at Fiskeridirektoratet får heimel til å innskrenka området det er forbode å fiske nvg.

**Reidskapsfleksibilitet**

Kyst- og ringnotflåten har reidskapsfleksibilitet, men har forbod mot å bruka pelagisk trål innanfor 12-mila. Dette i motsetnad til gruppa pelagisk trål.

Pelagisk Forening meiner at det bør opnast for at kyst- og ringnotflåten kan bruka pelagisk trål i fisket etter nvg innanfor 12-mila. I det grøne skiftet er det viktig med effektivt fiskeri, og det avgjerande bør vera om det er uønskt bifangst eller ikkje. Kva gruppa båten tilhøyrar bør ikkje vera avgjerande.

**Fjordlinjer**

Kvar haust vandrar silda innanfor enkelte fjordlinjer, og det blir naudsynt å dispensera frå desse. Erfaring viser at er det lite innblanding av torsk, og lite undermåls sild. Pelagisk Forening meiner difor at enkelte fjordlinjer bør justerast/fjernast slik at flåten over 15 meter ikkje blir unaudsynt hemma i utøving av fiskeriet.

Inntil det skjer ber Pelagisk Forening om at direktoratet føl fisket tett, og er raske med å dispensera når det er naudsynt.

Bergen: 11.10.24

Pelagisk Forening/  
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland  
Advokat



Mariann Frantsen  
Dagleg leiar